

Gapahuken på Flåtene er klar til bruk.

25.09.2020



Gapahuken med torvtak er vakkert plassert på Flåtene i Eikedalen.

Dugnadsgruppa med Pål Haugland som leiar er i innspurten på arbeidet med gapahuken på Flåtene i Eikedalen. Berre noko lite står att. Det er lagt ned eit stort arbeid, nøye gjennomtenkt i materialval, utføring og plassering. Arbeidet med gapahuken på Klepp på Hauglandsfjellet er i full gang.

Materialane er henta frå skogen til Steinar Haugland. All tømmer skjering er gjort på Hestad si sag i Omvikdalen. Skogsvegen på Fetsida av Eikeelva er nytta til større transport. Elles er mykje borte frå parkeringsplassen på Sørstølen ved Vassverket og inn langs elva til Flåtene.

Gapahuken har torvtak og det er tette vegger mot vest og sør. I framkant og i nord er bygget ope, Det er laga benker og bord.



Gapahuken er open i framkant og det er montert bord og benker inne.

Flåtene er ei open flate i Eikedalen, om lag 20 minuttar å gå frå Fylkesvegen, anten det er ved Eikebrua eller frå Nedre Fet ved Elins Matgleder. Rundturen om Flåtene, opp på eine sida og ned på andre sida av Eikeleva, er ein lett og fin tur. På Flåtene er det laga bru over elva.

Med dette tiltaket vil Flåtene meir enn til no bli eit populært turmål. Plassen er godt eigna for barnehagegrupper og skuleklassar. Her kan ein leggja inn aktivitetar av mange slag. I dårleg ver er det godt å ha ein plass å sitja under tak.

Dugnadslista ser slik ut:

- Audun Eik
- Svein Rimestad
- Jostein Grov
- Lars Myklebust
- Leif Magne Framnes
- Knut Steinsletten
- Ove Magne Myhre
- Steinar Kroka
- Pål Haugland (dugnadsleiar)
- Bjarne Lilleaas
- Vidar Haugland
- Kurt Haugland

Det er ikkje sagt noko om kva tid det vert opningsmarkering. Mange ventar på det.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal